

Bustadtilhøva på Leiknes.

Barndomsheimen min var på Leiknes gardsnr. 42 br.nr. 1 i Lenvik. Huset var ei trønderstove i 2 høgder og hadde torvtak. Det stod i retninga nordaust-sydvest. I andre høgda var det 4 store soverom.

Den nordre halvdel av huset blei bygd av min oldefar Konrad Andreas Olsen. Han var født i 1792 og gifta seg i 1819 med Kirsten Marie Hansdatter Kjær. Ho var født i 1796 og døydde i 1859. Huset er truleg bygd i 1819 eller 1820. Min far Konrad Jakobsen kjøpte noko tømmer som var blitt tilovers etter kyrkjebygget på Bjorelvnes. Han bygde da på huset i sørvestenden. Tilbygget bestod av ein gang med inngangsdør mot nordvest og ei stue i sørvestenden. Huset blei då 29 alner langt, og var dobbelt så langt som før. Dette tilbygg blei utført i 1879 eller 1880.

Om lag 30 m nordaust for huset stod ei gamal bu som var bygd av svært breitt tømmer. Denne bua var kledd med liggande vestlandspanel. Sjølve tømmerbollingen var 4,4, m med ein gang på ca. 3,4 m, og i sørvestenden var det eit like stort rom. Der hadde dei tynner med salta sild og fisk og kjøtt.

På austre sida av bua og bugangen var det tilbygd eit vedkott, og der var nedgang til kjellaren under bua. Denne bua har truleg vore husveret til min tippoldefar, Ole Olsen. Han vart født i 1750 og blei gift i 1779 med Karen Kristoffersdatter som var 4 år yngre. Mellom 1779 og 1799 fekk dei 8 born. Dei to siste med eit års mellomrom. Snakk om innspurt.

Barna var: Hans født i 1779. Kristina Cornelia født i 1786. Ingeborg Ovedia født i 1790, Konrad Andreas f 1792, Ole Johan f. 1794, Ovedia Marie f.1796, Ane Dorteia f.1798 og Karen Birgitta f. 1799. Det var ikkje store husveret til så stor familie, men dei hadde ikkje husbanken å ty til i den tida. Elles er det å fortelje at omgangsskolen på Leiknes vart halden i denne bua då far min og hans generasjon gjekk i skole, Det var vel omkring 1870. Stua vart riven i 1935 og tømmeret er bygd inn i kjøkkenpartiet i det noverande huset på Leiknes 42-1.

Gammlstua på Leiknes blei delt mellom Jakob Leiknes og Kåre Leiknes i 1935. Jakob fekk nordstua og kjøkkenet, og han bygda det opp på Leiknes grd.nr 42 br.nr.30, og det er no det eldste huset på Leiknes. Sørstua blei bygd opp i det noverande huset på grd. nr. 42 bnr. 1. I

denne gamalstua heldt foreldra våre til med ein stor barneflokk. Dei fekk i alt 10 born. Den eldste døydde som liten, men dei ni som kom etter, levde opp alle, og alle lever endå no i 1981.

Dei fleste heimane i bygda mi på den tida var fattigslig utstyrt med møblar. Bord, stolar og skap var oftast heim gjorde. Matborda var ofte laga med to store klaffar som ein kunne slå opp etter som ein trong det. Desse borda tok liten plass når ein slo klaffane ned.

I sørstua hadd vi sin stor etasjeovn, ein stor spegel med eit lite bord under. Denne spegelen er til endå. Der var også eit stort skap som han far hadde laga da han gifta seg i 1894. Midt på golvet i stua stod eit bord med ein liten klaff på kvar side, nokre trestolar med stoppa skinnputer på seta og ein stor gyngestol med høg rygg

Vogga høyrde og til inne i stua, for dat var støtt ein som var så liten at han haldt til der.

I gangen mellom sørstua og kjøkkenet gjekk loftrappa opp til loftet. I austre enden av gangen var det avkledd eit spiskammers. Der hadde ein ymse slag matvarer og under loftrappa var det ei luke ned til potetkjellaren. I kjøkkenet var ein kjøkkenbenk, og på nordaustveggen stod ein stor komfyr. På kvar side av komfyren var det ei dør som førde inn til nordstua. I sørvestkråa i kjøkkenet gjekk ei svingtrapp opp til kjøkkenloftet og nordstuloftet. Ved vest vinduet i kjøkkenet stod eit stort klaffebord. Når begge klaffane var slått opp, kunne 10 personar få plass ved ved bordet.

I nordstua var det og ein etasjeovn, eit bord og nokre stolar. I den eine kråa var det eit kråskap med desse bokstavane malt på døra: G j. O. St. D. K. Det er namnebokstavane til farmor mi, Gjertrud Ovedie Stefanusdatter Kårvikhamn. Ho vart født i 1830 og døydde i 1880. Ho gifta seg med farfar, Jakob Mattias Konradsen Leiknes den 27. des. 1849. Det var altså eit gamaldags julebryllaup som varde 2-3 dagar, og kanskje var kråskapet brude gåva frå foreldra hennar.

Pynteting hadde ein ikkje så mykje av i den tida eg voks opp. Arbeidet med vask, matlaging og fjøsstell tok mesteparten av tida. I tillegg hadde kvinnene karding og spinning og stopping og reparasjon av kledda til ungeflokken. Det var ikkje innlagt vatn til huset, så ein måtte bere vatnet både inn og ut. Men vi hadde innlagt vatn til det

nye fjøset som blei bygt i 1906. Til gamalfjøset som stod søraust for var det ikkje innlagt vatn, men dei hadde eit lite eldhus borte ved bekken der dei varmde vatnet om vinteren før dei gav kyrne. Som vi kan skjøne var det svært arbeidskrevjande.

Vannklosset hadde vi sjølvsagt ikkje iden tida. Utedoet stod borte ved fjøsveggen ca 50 m frå gamalstua, så det kunne bli litt av eit sjøver om ein måtte bort til utedoet som snarast ei kald og stormfull vinternatt.

Leiknes den 27/2 1981.

Kåre Leiknes sen. f. 20/4 1910, Leiknes, 9300 Finnsnes